

Detaljregulering for zipline i Geiranger

Oppdragsgivar: Explore Geiranger AS

Oppdrag: Detaljregulering


Rapport type: Føresegn

Prosjektnr.: 18113

Dato: 30.10.2018

Føresegn



		Prosjektnr: 18113	Dato: 30.10.2018		
Status /Rev:	Rev. gjeld:	Dato:	Sign:	KS:	
0	Utkast	30.10.18	HVS	MB	
0	Til 1. handsaming				
1	Revisjon – beskriv.				
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no		Kundeinformasjon: Explore Geiranger AS v/Eirik Vaage Postboks 249, 6101 Volda eirik@exploregeiranger.no tlf: 47395073			
Prosjektleder: Halvard V. Straume					
Medarbeiderar: Halvard V. Straume			Sign:		
Kontrollert av: May-Britt Drage Bakke			Sign:		

1 Generelt

1.1 Gyldighetsområde

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det område som på plankartet er vist med reguleringsgrense. Innafor desse grensene skal areala brukast slik som planen (plankart og føresegn) fastset.

1.2 Andre lover og vedtekter:

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova med forskrifter og vedtekter for Stranda kommune.

Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.

2 Reguleringsføremål

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5, ledd nr. 2)

- Veg (SV)

Grønstruktur (pbl § 12-5, ledd nr. 3)

- Turveg (GT)

Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift (pbl § 12-5, ledd nr. 5)

- Friluftsføremål (LF)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (pbl § 12-5, ledd nr.6)

- Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

Omsynssone (pbl § 12-6)

- Frisikt (H140)
- Ras- og skredfare (H310)

3 Veg (SV)

3.1 SV1 er avsett til offentleg køyreveg. Formålet omfattar også sideareal/grøft på 1,5 meter på kvar side av køyrebana. Grøftearealet skal opparbeidast og lagast til samtidig med opparbeiding av køyrebana. Der skjerings- og fyllingsutslaga går inn på tilgrensande føremål, skal det lagast til på same måte i samband med opparbeiding av vegen.

3.2 Der trasear for ziplinen passerer over areal avsett til samferdsle eller teknisk infrastruktur, skal frihøgda vere slik at traseen ikkje på nokon måte er til hinder for vegen eller den tekniske infrastrukturen.

4 Turveg (GT)

4.1 Regulerings føremålet turveg dekker dels etablert tursti og dels ny. Der det er etablert sti, skal den ligge som i dag, eventuelt med mindre tilrettelegging/opparbeiding. Dette inneber at ein kan gruse opp og jamne ut stien, men ein kan ikkje sprengje ned berg eller lage fyllingar høgare enn 0,5 meter. Ny turveg skal opparbeidast på ein skånsam måte i terrenget. Turvegen skal ikkje ha ein standard som gjer at den kan brøytast.

5 Friluftsføremål (LF)

5.1 Innafor område LF1-3 på plankartet kan det leggast til rette for zipline. Det er høve til å legge to zipliner parallelt. Dobbelt zipline skal vere festa i same forankringspunkt. Omsynet til vassdraget skal være førande. Randvegetasjon langs elva skal bevarast, men det er høve til å nytte større tre i denne sona som del av ziplinen. Det er ikkje høve til å gjere inngrep i sjølve elvekanten. Alle tiltak innanfor planområdet skal være reversible.

5.2 Ziplinen skal tilpassast eksisterande tre i område. Det er tillat å tynne i vegetasjon for å føre fram linene. Snauhogst er ikkje tillat. Det er høve til å bardunere fast tre til bakken, reise stolpar eller andre konstruksjonar som forankring av ziplinen.

5.3 Det er høve til å etablere ein sti med breidde inntil 1,0 meter. Dersom det er naudsynt å forsterke stien for å hindre erosjon så skal dette skje ved å nytte stein, steinheller, kløpper eller liknande. Ved erosjonsførebygging så skal ein nytte materiale som er naturlege eller nedbrytbar.

5.4 Det høve til å sette opp gjerder for å hindre fallulukker i elva og for å lede brukarane rett veg. Slike gjerder skal ikkje hindre fri ferdsel gjennom området. Det skal leggast vekt på å gje gjerdet ei utforming og ein materialbruk som framstår som avdempa og lite dominerande.

6 Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

Område VNV1 er sett av til friluftsområde i vassdrag. Det er ikkje tillat med tiltak eller inngrep i område merka som VNV1 på plankartet.

7 Omsynssone

Frisikt (H140)

I frisiktsona skal det vere fri sikt i ei høgde på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

Ras- og skredfare (H310)

Område H310 viser fareområde for snøskred (1000-års ras).